

Bygdabladet


for BOKN



Kva får ungdomar til å gå tur
med ein sofa?
Les meir side 3



Med 65 gjester til stades
i gymnastikksalen på
skulen, var det ein godt
oppegående 25-åring som
1. februar slo til med ein
fin festkveld.
Les meir side 4



Surin Beach i Phuket fem
dagar etter Tsunamien.
Les meir side 18



RDFØRAREN RDET

Godt nytt år alle saman!

År 2005 har allereie komme godt i gong og eg håpar alle har hatt ei fin jule og nyttårsfeiring.

Fjelltur

I 2004 har det vore 2082 stk. på Boknafjellet, mot 2105 stk i 2003. Det dårlige været i fjor haust får ta skylda for at det blei nokre færre i 2004 enn i 2003.

Brit Holberg, ei av dei mange trufaste turgåande, frå Bokn og **Anne Jakobsen Lid** frå Karmøy er uttrekte til å få krus.

Det er fint at så mange tar ein tur på fjellet og nyt den storslagne utsikta over Rogaland, samtidig som ein får litt trim.

Store debattar

I 2005 vil det bli fleire store saker til debatt som kan komma til å berøra oss som innbyggjarar.

Kan nemna gjennomgang av drifta i Bokn kommune som vil måtta berøra enkeltpersonar og oss alle.

Ingen skal bli oppsagde i omorganiseringa og det vil bli lagt stor vekt på å redusera tenestetilbodet minst muleg.

Ei anna sak som vil komma meir på bordet er kommunestrukturen i Norge og eg får håpa me får ein god debatt om saka kor mange engasjerer seg. Vil komma tilbake til desse sakene utover året.

Arbeidsløyse

Ei anna sak som uroar meg er at Bokn hadde svært høg arbeidsløyse, over 5% og høgast på Haugalandet, ved årsskiftet.

Dette viser at me må setta endå meir inn på å leggja til rette for nye arbeidsplassar og arbeida endå hardare for å skaffa alle arbeid.

Eg har nå fleire kontaktar med interessentar som vurderer Bokn, og Knarholmen, som mulig plass for etablering av verksemd.

I samarbeid med Haugaland Vekst får me håpa at me lukkast med å få til fleire arbeidsplassar på Bokn og ellers på Haugalandet. Det er svært viktig at me lykkast med dette arbeidet for dei som står utan arbeid og for å få ein god utvikling på Bokn.

Svein Ove

Kjære lesar!

Velkommen til ein ny årgang med Bygdabladet, årgang 20!

Som du ser har nemnda og underteikna skifta namn - til det som alle seier. Det er ingen som omtalar bladet som Bokn Bygdablad, i alle fall svært få. Og med tanke på at forandring fryder har me også forandra på utsjånaden. Etter fem årgangar med same layout passa det godt å endra på denne når me no skiftar til eit meir folkeleg namn i tillegg til at 20 års jubileet byrjar til hausten.

Tilnærming mellom papirutgåva og nettutgåva, **www.bygdabladet.no** er også ein grunn til at eg valde å foreslå namneendring, og dei som har tilgang til internett kan også der sjå ein ny logo, på same dag som dette bladet kjem ut.

Etterspurnad

Det er svært hyggeleg at folk spør og ringer og etterlyser bladet, spesielt når det går ei stund frå forrige blad. Som kjent kjem ikkje bladet ut i januar og juli, og februar månad blir då ein av dei "etterspurde" månadene.

Denne gong blei perioden ekstra lang pga. forbereding av bladet sin nye utsjånad samt andre prioriterte oppgåver på kulturkontoret. Dei som er ivrige lesarar av nettsida vår vil kjenna igjen artiklar og reportasjar som blei publiserte i første halvdel av januar.

- Eg har lest det mesta før...

Ein stor prosent av abonnentane våre har ikkje tilgang til internett og det er sjølv sagt at alt som blir lagt på "Verdsveven" også kjem i papirutgåva. Som nemnd tidlegare er nettutgåva eit supplement.

Dei som ikkje har internett går ikkje glipp av noko, men pga. at ferskt nytt i nokre tilfelle blir lagt ut på nettet mykje tidlegare enn det kjem på trykk blir dette ein "nedtur" for enkelte lesarar når dei held bladet i hendene. Slik er det når man også har ei nettutgåve, som "alle" har i dag, og som travle menneske i eit moderne informasjonssamfunn forventar at ein har.

Variert

Dette bladet skal innehalda noko for einkvar smak, alt frå stormfulle og øydeleggende bilder (s. 6), meningsytringar (s. 12), glade barn (s. 14), tankevekkande lesing (frå s. 18) til ein ekstra kulturell månad (s. 23) - for å nemna noko.

Til abonnentane i Bokn ligg også eit ark (innstikk) mellom midtsidene. Alle brukarar av kombinasjonsbiblioteket vårt (folkebibliotek og skulebibliotek) blir oppfordra til å svara på brukarundersøkinga, slik at me gjennom ein plan kan sikra eit godt bibliotek for alle boknarar i framtida.

- redaktøren -

Sofatur

May Jorunn Vatnaland

Kva får ungdomar til å gå tur med ein sofa?

Tysdag 8. februar kunne bilistar og fotgjengarar på Bokn observere ni spreke speidarjenter vandre langs vegen og over Boknasundbrua med ein sofa.

Det finst ei forklaring på det meste, og grunnen til "sofa-stuntet" er at det i år er **"friluftslivets år 2005"**. Speidarane har fått eit tilbod om å følgje eit eige opplegg der ein skal gjennomføre mange forskjellige oppgåver for å sanka poeng som igjen blir betalt som merke.

Me har eit hefte som me jobbar etter, 12 etappar skal gjennomførast. Det går ut på å samle kilometer til å fullføre etappen. For kvar etappe finst det fleire alternative oppgåver, så her er det moglegheiter og utfordringar for dei fleste.

Målet er å vere ute heile tida, noko me ser fengjer dei fleste. Dagens unge sit nok inne framfor data og tv.

Jentegjengen som blei avbilda på Boknabrua hadde bore ein avlagt sofa frå Føresvik, den skulle øve te Speidarhuset på Austre Bokn.

Hagebenk

To guttepatruljar var samstundes på veg opp te Boknafjedlet 294 m.o.h. med ein hagebenk.

Alternativet med sofabering var 2 km, eller 100 m opp i høgde. For at det ikkje skulle vere for lite tyngde på det, så sat det to små sysken oppi på turen opp.

Beklagelegvis tok dei benken med seg ned igjen, så turgåerer må nok fortsatt nyte utsikta der oppe sitjande på stein.

Andre oppgåver som Boknaspeidarane skal gjennomføre i løpet av året er mellom anna kanotur, fisketur og fotturar.

Og kjem dette i avisa så har dei klart ei oppgåve til, nemleg PR-oppgåva, og sanka endå fleire poeng.

TIL TOPPEN AV BOKNAFJELLET:

Fv. Andreas Øvrebø, Roar Medhaug, Ivar Ognøy, Joakim Are, Eirik Nedrebø, Andrej Dobrev.
Oppi benken: Emil og Mari Bokneberg.



PÅ TOPPEN AV BOKNASUNDBRUA:


Foran fv. Janne Elin Vatnaland, Frøya Rasmussen, Silje Aksdal, Silje Eide, Benedicte Mæland.
Bak fv. Celina Bokneberg, Irmelin Taraldlien, Karina Kjetland.



Lager kaier

Trond Vatnaland

Bokn Båtforening er igjen i gang med oppgradering av opptrekk og allmenninger til felles bruk for alle som ferdes på sjøen.



Allmenningen i Føresvik.

Sist var det opptrekkene som ble satt i stand, nå er det noen av allmenningene sin tur. Dette er kaier som er til bruk for alle som trenger en midlertidig fortøyningsplass for av og på stigning, handleturen, besøk eller i påvente av bedre vær til å krysse Boknafjorden.

Kanskje kan Bokn H-lag spandere bord/benker ved allmenningen i Føresvik?

Håper at alle respekterer at både opptrekkene og kaiene er til allment bruk, og ikke skal sperres av permanent lagrede eller fortøyde båter.

Båtplasser

Som mange har fått med seg, har det vært jobbet intenst for å få til ferdigstilling av moloen i Hålands-sjøen. Nå viser det seg at muligheten vi hadde til meget rimelig steinmasse glipper for denne gang.

Bokn Båtforening søker derfor i disse dager om forlenging av eksisterende avtale i Knarholmen og også om utvidelse for å dekke etterspørselen etter båtplasser i Bokn.

Robåter

Bokn Båtforening jobber med å få bygget to færingar til bruk blant annet på 17. mai. Det er også meningen at de skal kunne lånes ut til alle som ønsker seg en rotur. Det er en betydelig kostnad som vi nå prøver å få finansiert. Har du ideer, ring oss!

Bokn Båtforening

Pensjonistforeninga feira 25-års dag

Reidar Alvestad

Med 65 gjester til stades i gymnastikksalen på skulen, var det ein godt oppegående 25-åring som 1. februar slo til med ein fin festkveld.

Gode lokale underhaldningskrefter sørga for variert underhaldning med song, musikk, opplesing, sketsjar frå scenen og helsingar til jubilaranten. Leiar Kari Våge styrte det heile på ein ledig og grei måte.



Ei rimeleg bra forsamling av pensjonistar ved småbord i salen.

Lokale kulturformidlarar

Av og til er det fint med innslag av nye og ukjende krefter utanfrå. På denne jubileumsfeiringa var det berre henta underhaldningskrefter lokalt, noko som viste seg å vera svært vellukka.

Med allsongen "La oss leve for hverandre" la ein tonen



Olaug Hognaland t.v. framførte ein fin prolog til jubileet. Ståande i midten Kjell Kro som framførte ei helsing til pensjonistforeninga.

T.h. for Kjell Kro er Leif Vatnaland, og heilt til høgre Liv Vatnaland som i lag med Linda Ognøy framførte ein sketsj frå scenen som fekk opp stemninga i salen.

for kvelden. Solveig Våga las ord for dagen, og deretter kom Olaug Hognaland med ein fin prolog som mellom anna omtala den utviklinga i samfunnet som den eldre generasjon har vore gjennom.



T.v. ordførar Svein Ove Alvestad i samtale med tidlegare sosialsjef Johan Dankel. T.h. for han er kona hans Kirsten Dankel.

Ordføraren hadde gode helsingar til foreninga og la vekt på kor mykje aktiviteten deira hadde å bety for pensjonistar i kommunen. Han meinte dei gjorde ein framifrå samfunnsinnsats, og overrekte ei pengegåve som dei kunne bruka som tilskot til ein tur eller andre føremål.



Dagfinn Engen syner fram eit teppe som mor hans laga ved unionsoppløysinga i 1905. Her har ho brodert inn norske symbol og flagg som skal understreka oppløysinga av unionen med Sverige.

Tusenkunstnar

Dagfinn Engen hadde med seg gitar og framførte fine viser og las små historier. Mellom anna forteljingar av Alf Prøysen og historier om baron Munchausen. Kjende og kjære viser av m.a. Alf Prøysen og Vidar

Sandbeck med gitarakkompagnement slo godt an.



Songtrioen forsterka med Tommy Øvrebø på el-gitar

Meir song og musikk

Trioen Venevil Birkenlund, Oddrun Nilssen og May Jorunn Vatnaland var denne kvelden forsterka med Tommy Øvrebø som spela på el-gitar. Og dette gjekk kjempefint. Dei har eit stort repertoar å ta av, og framførte mange songar innafor ulike sjangrar. Det vakte nok spesiell begeistring at dei på dette jubileet framførte boknasongane *Gullhøna* og *Fering og frieri*.



Linda t.v. og Liv t.h. var innom laust og fast i innslaget dei hadde - frå gardsdrift til sjukehusdrift



Leiar Kari Våge delte på slutten av festen ut blomar til dei mange som hadde medverka på festen. Her er det Unni W.W. Høivik frå Bokn Røde Kors som har mottatt blomar for at Røde Kors bidrog med servering, rydding m.v.

Etter ei matøkt med smørbrød og kake kom dei att og leverte ennå ei fin songøkt.

Helsingar

Seinare kom det helsingar både frå Kjell Kro og Tysvær pensjonistforening som var representert ved styret.

Solveig Våga frå styret i Bokn pensjonistforening fortalde frå den tida Bokn pensjonistforening vart starta den 1. februar 1980 og om skiftande tider og leiarar gjennom dei 25 åra. Kjell Kro er den som har lengst fartstid som leiar - heile 11 år.

Liv og Linda på scenen

Liv Vatnaland og Linda Ognøy representerte scene-kunsten, noko dei også har gjort mange gonger før. Og mange kjende seg sikkert att i dei komiske situasjonane som oppsto når dei som eldre menneske prøvde å få fatt i prøvesvar frå sjukehuset.

Automatiske telefonsvararar kan gi gråe hår til både yngre og eldre som prøver å venta seg gjennom telefonkøane og svararane som opplyser at du er rykka lengre fram i køen etter 5 minutt venting. Sketsjen blei som ei skikkeleg humørpille for festdeltakarane etter reaksjonane å dømme.

Til slutt vart det trekt blomar på lodder som låg under koppene.

Og mange av dei som hadde gjort ein innsats fekk utdelt blomebukettar og gode ord med på vegen.

Filosofi hos barn:

- Gutter er veldig viktig for meg, f. eks. når man får barn (Jessica, 9 år)
- Det kan hende at den man gifter seg med er feil person, at det bare var synsbedrag. Men da kan man bare skille seg og finne en ny og bedre. (Jonas, 8 år)
- Familieplanlegging er noe moren driver med når hun flytter på møbler mens de andre sover. (Elina, 6

år)

- Jeg har aldri forstått hvorfor akkurat ørene skal vaskes så grundig! (Ola, 9 år)
- Det som er forskjellen på jenter og gutter, er at jenter hopper tau mens guttene sitter inne og spiller TV-spill. (Henrik, 10 år)
- Utseende har ingenting å si. Se på meg - jeg er veldig kjekk, men har allikevel ingen å gifte meg med. (Brian 7 år)

- For å få kjærligheten til å vare er det viktig å være en god kysser. Da kan det hende at kona di glemmer at du aldri tar ut søpla. (Erik 8 år)

- Folk som er forelsket holder hverandre i hendene så ikke ringene skal falle av, for de koster mange penger. (Tine 7år)

Det eneste som er verre enn lever, er bleiene til lillebroren min. (Hogne 8 år)

Dagen derpå

Jardar Havikbotn

Stormen "Inga" (12.01.05) sette også spor etter seg i Bokn.


I Arsvågen hadde "Inga" saman med spring- og stormflo feid det våte element elegant over moloen. Store straumningar og uvanleg store sjødrag kasta bølgene inn mot Arsvågen Kro og gardsmat, velta gjerder, tre, bord og benker og røska opp i det meste.



Det var stor aktivitet i Arsvågen denne formiddagen. "Mesta" var i gong med opprydningsarbeidet medan smikkkfulle ferjer frakta folk som ikkje hadde kome seg over til Mortavika på eit døgn. Spesielt var køa med vogntog stor.



Uteområdet såg ut som ein byggeplass. Til og med steinar frå den oppmurte muren mot vågen blei spredt utover området. Det var ingen tvil om kva som var det store samtaleemnet blant kafégjestene.



Kong Harald sine initialer frå opninga av ferjesambandet i juni 1991 hadde ikkje "Inga" gjort noko med. Den store steinen står framleis støtt på plassen sin.



Inne i kaféen viser Tom Are meg kor høgt opp på vindauget sjøen hadde vore. Likevel kom det lite vatn og sand inn i sjølve lokalet. Bygningen hadde heller ikkje tatt skade av naturkreftene sine herjingar med ulike flytande element som ville inn.

Det var ein gong ein leikeplass

Utrulege krefter har vore i sving, noko som ikkje er vanskeleg å forstå når ein ser på eit gammalt bile av leikeplassen.

Slik såg det ut i august 2002....



....og slik såg det altså ut 13. januar 2005



Det som er att av leikeplassen er fundamentet til gyngedyret.




At tre ligg over ende etter ein storm er eit vanleg syn. Hos Håvard Hetland på Laupland var det eitt som hadde sagt takk for seg, og på Sunnaland hadde Bokn Bygdeservice vore og rydda opp etter at ein liten skog hadde sperra Sunnalsvegen. Slettabakkane nord for bygdemuséet fekk også besøk av tre som måtte kapitulera, det same opplevde folk i Våga og på Nerabø.



86 år gamle Solveig Søndeland droppa turen i postkassen på stormdagen.

- Det blåste godt, men eg hugsa orkanen i januar 1952 då halve løa gjekk - då stod eg berre og skalv, fortel Solveig til Bygdabladet.

Dei som opplevde den vindfulle dagen for 53 år sidan hugsar nok at skadene var mykje større då.



På Hognaland herja sjøen m.a. inne i sjøhusa. Han reiv også ned ein vegg og delar av taket til Jens Økland sitt sjøhus. Ein lekter ved kaien sleit seg og tok m.a. med seg eit stilas då han dreiv forbi og la seg halvvegs på land. Det er uklart kva skader dette førte med seg.



Sør-vesten herja ikkje på den måten lenger vest, i Sunnalsstraumen, men vannstanden var fortsatt høg dagen derpå.


Straumbrot

At straumen går på ein slik dag må ein også rekna med. Verst gjekk det ut over Kro, der ein øydelagt transformator førte til straumstans i omtrent eit døgn. Ellers var ulike delar av kommunar periodevis utan straum på ulike tider av døgnet etter at han forsvann rundt kl. 10.30 den stormfulle onsdagen.

Bygdabladet hadde ikkje anledning til å ta bilder då "Inga" herja som verst, men **Åse Bratthammer** og **Svein Ove Alvestad** har sendt oss stormfulle bilder frå Våga og Klepp, så lesarane kan få eit inntrykk.



Spring- og stormflo innover Våga onsdag 12. januar 2005.




Og slik såg det ut i Klepp, sett mot søraust. Kjende holmar og skjær var delvis eller heilt usynlege i stormen.



Sjøhus på Are brann ned til grunnen

Reidar Alvestad

Det var lite eigaren og brannvesenet kunne gjera då eit sjøhus tilhøyrande Jan Are i Vestre Arsvågen brann ned seint fredag kveld den 21. januar.



Sjøhuset er overtent. Jan Are tok bildet med mobiltelefonen då dei oppdaga brannen og kjørte ned til vågen. Trebåten på utsida fekk ikkje nemneverdige skader.

Rask brannutvikling

Jan Are og kona kom heim frå ein kveldstur då dei litt over 22.30 såg røyk nede frå vågen der sjøhuset står. Dei hoppa då i bilen og kjørte ned, men sjøhuset sto alt i full fyr.

Brannvesenet blei kontakta, og var raskt på staden. Då var brannen kome så langt at det var lite anna å gjera enn å passa på at andre sjøhus ikkje tok fyr, og at båten som låg utafor brygga ikkje fekk skader.

Ukjend brannårsak


Også politiet kom raskt til staden, utan at dei kunne gjera noko frå eller til. Skaden var alt skjedd, og sjøhus med fiskereidskap var nedbrent.

Sjøhuset var forsikra, og Jan Are seier til Bygdabladet at han håpar å få det meste dekkja på forsikringa. Sjøhuset var bygd i 1954.

Både kraftlaget og Kripos har vore på staden for å



Tre dagar etter brannen kom det ennå røyk frå ruinane.



Brygga med det nedbrende sjøhuset sett frå nord.

hjelpa politiet med å finna årsaka til brannen. Jan Are sjølv seier at det er umuleg å vita kva som førte til at sjøhuset brann ned. Det er imidlertid innlagt strau, så ein kan undrast på om dette har noko med brannen å gjera.

Barns tanker om religion

Kona til Gud heter Gudmor. Hun er moren til alle barnebar-na hans; Moses, Jesus og Jule-nissen.

Kineserne kommer nok ikke til den vanlige himmelen. Kanskje de kommer til den syvende himmel? Eller til Den Himmelske Fredsplass.

Gud heter egentlig Den all-mennpraktiserende hersker på

himmelen og på jorden. Han bestemmer alt, hele tiden. I gamle dager het Gud «mannen med ljaen».

Gud er forholdsvis grei, men han liker ikke at tyver kommer til himmelen uten grunn.

Nå er det blitt ozonhull i him-melen. Det gjør gulvet til Gud ikke helt tett lenger. Det kan bli et problem.

Jesus trives veldig godt sam-

men med Gud. De har veldig mange felles interesser.

I himmelen gjør man bare mor-somme ting hele tiden. Jesus er nok smørblid.

Det er mange i himmelen: Alle de som er døde er der, pluss Gud og Jesus og Den dårlige Ånde.

Man kan kalle Gud for hva man vil. Man kan kalle ham Kristus, Festus eller Herre-Jesus.



Kyrkjeverja informerer

Svanhild Alvestad



Eg har registrert at det på kyrkjegarden til tider er gravsteinar som ligg nede. Dette skuldast nok at gravsteinane ikkje er festa forskriftsmessig.

For ei tid sidan vart kyrkjegardsvedtektene våre publiserte i Bygdabladet. Her står det at gravminne skal vere i samsvar med forskriftene til gravferdslova kap. 3. For at Bygdabladet sine lesarar ikkje skal vere i tvil om kva som står der gjengir eg nokre aktuelle paragrafar:

Dimensjonar

Gravminne skal ikkje vere høgare enn 150 cm, breiare enn 85 cm og tjukkare enn 60 cm, avgrensa slik at største høgde x største bredde x største tjukkelse ikkje overstig 0,2m³ og vekta ikkje overstig 300 kg.

På graver mindre enn 2,4 x 1,2 m skal gravminnet ikkje vere høgare enn 80 cm, breiare enn 75 cm og tjukkare enn 60 cm, avgrensa slik at største høgde x største bredde x største tjukkelse ikkje overstig 0,1m³ og vekta ikkje overstig 150 kg.

Når særlege grunnar tilseier det kan bispedømmerrådet fråvika bestemmelsane i denne paragrafen.

Sikring

Ståande gravminne i stein skal festast forsvarleg til fundament i stein. Gravminne som er meir enn

60 cm høgt skal **boltast med to rustfrie, 15 cm lange og 16 mm tjukke massive boltar**. Dei skal stikke like langt opp i gravminnet som ned i fundamentet. Gravminne som er lågare enn 60 cm skal boltast på same måte med minst ein bolt.

Fundamentet skal ha ei form og ein storleik som forhindra at gravminnet kan velte, og skal ha ei annleggsflate i botn som er dobbelt så brei som gravminnet si annleggsflate. Gravminne som er meir enn 60 cm høgt skal ha fundamentdjupna på minst 20% av høgda til gravminnet som er over bakken.

Fundamentet skal ikkje vere synleg over bakken. Når fundament og synleg sokkel er same stykke, skal djupna under bakken utgjere minst 20% av høgda til gravminnet som er over bakken.

Godkjenning

Kyrkjeleg Fellesråd (i Bokn soknerådet) skal godkjennegravminne og fundament **før** dette blir sett opp på kyrkjegarden. Gravminne skal plasserast på tilvist plass.

Ansvar

Eigaren har ansvar for at gravminnet ikkje er i forfall, til sjenanse eller til fare for dei som ferdast på kyrkjegarden. Når fellesrådet finn det nødvendig. Skal eigar varslast med pålegg om å få gravminnet i samsvar med dei krav ein finn i forskrifter og vedtekter.

Dersom eigar ikkje etterkjem slikt pålegg eller det er uvisst kvar eigar er, kan fellesrådet setje i verk tiltak som er nødvendig for å få gravminnet i orden, og om nødvendig fjerna det.

Som ein ser er det eigar som har ansvar for steinane. Eg veit at det er sett opp mange gravsteinar utan å vera godkjente av soknerådet. Alle som sel gravsteinar skal ver kjent med lovar og reglar, men dessverre er det ikkje alle som fylgjer dette. Difor trur eg det er mange gravsteinar på Bokn kyrkjegard som ikkje er bolta på forsvarleg måte.

Eg vil oppfordra alle til å ta seg ein tur på kyrkjegarden og sjekke om steinane ein har ansvar for er festa på forsvarleg måte. Om dei ikkje er det, vil eg anbefala at de tar kontakt med det firmaet som leverte steinen og be dei om å feste den på forsvarleg måte.

Om det er urå å få firmaet til å gjere dette, kan eit alternativ vere å kontakte Bokn Bygdeservice for å få tjenesten utført. Eg gjer merk-sam på at soknerådet **ikkje** har tilsette som kan utføre dette. Soknerådet kjøper tenester hos kommunen til vanleg vedlikehald på kyrkjegarden. I denne tida er det heller ikkje lagt inn tid til festing av gravminne.

Er det nokon så lurar på noko så ikkje ver redd for å ta kontakt.

På jakt etter minnestein

Birger Lindanger

Finn steinen

I romjula fekk verda ei alvorleg påminning om at havet kan vera ein farleg og lunefull granne. Og mange er dei boknarane som sjøen opp gjennom tidene har teke, og som me aldri fekk tilbake. Tida er inne til å minnast dei med ein eigen stein i kyrkjegarden, ein stad å gå til for etterlevande i sorg og ettertanke. Arbeidet er kome så langt at kunstnar er kontakta.

Men me manglar framleis steinen! Det skal vera ein stein frå flomålet ein eller annan stad i Bokn. Stei-

nen kan gjerne vera kring ein meter høg og tilsvarande brei. Vidare bør han bera preg av å ha lege i sjøen. Så vil form, mønster, farge-spel og steinslag vera med og avgjera kven som høver. Meininga er at den rette steinen skal plasserast på kyrkjegarden med høveleg innskrift.

Bli med på steinjakt

Det går nå mot vår, lysare dagar og meir tid i friluft. Difor er tida inne til å finna den rette steinen! Utfordringa går til alle Bygdabladet sine lesarar: Fram med kameraet

og trål strendene etter den rette steinen! Ta foto frå alle vinklar og sett gjerne inn ein målestokk som viser kor stor han er.

Bileta kan leverast anten i redaksjonen til Bygdabladet eller hjå Svanhild Alvestad på kyrkjeverjekontoret.

Sidan skal steinane vurderast både av soknerådet og kunstnar for å finna den rette. Dei tri ein synest best om, blir presenterte i bygda-bladet.

God fotojakt!

Formannskapsmøte 18.01.2005

002/05 AREALPLAN, UTEPLAN RUNDT IDRETTS-HUSET, SKULEN OG BOKNATUN

Formannskapet sitt vedtak:

Saka blei vedtatt satt ut til neste møte i påvente av at planen for uteareala rundt Boknatun gjeres ferdig.

003/05 ORIENTERING OM KOMMUNEPLANAR-BEIDET I BOKN KOMMUNE

Formannskapet sitt vedtak:

Orienteringa blei tatt til etterretning.

004/05 EVENTUELT.

Stillingsstopp.

Rådmannen blei bedt om å legge fram ei sak for formannskapet til neste møte.

Suppleringsval til Haugaland Vekst IKS.

Det vart foretatt suppleringsval til Haugaland Vekst IKS der Åse Bratthammer blei vald til nytt medlem til styre og Helga Sandven Alvestad blei vald til nytt varamedlem.

005/05 HANDLINGSPLAN FOR IT I BOKN KOMMUNE - FORSLAG TIL NY DRIFTSLØYSING/UTSKIFTING AV UTSTYR

Formannskapet vedtok handlingsplan for IT i Bokn kommune.

Årsmøte i speidaren

Bokn KFUK-KFUM-Speidarar hadde årsmøte på Bokn bedehus tysdag den 4. januar 2005. Det var svert godt fram-møte, heile 17 røysteføre medlemmer (over 15 år) var til stade. Møte vart opna med ein liten andakt og kveldsmat (herleg pizza frå Are). Deretter tok ein føre seg årsmelding, rekneskap og val av styre og einingsleiarar.

Styret for 2005 vart slik:

Gruppeleiar Leiv Våga

Troppisleiar og styremedlem May Jorunn Vatnaland

Styremedlemmer Ellen Nedrebø, Helge Kristian Nilsen og Magne Ognøy.

Varamenn Tom Are og John Øvrebø.

Skriver Svanhild Alvestad

Kasserar Eivind Øvrebø

Revisor Solrunn Alvestad.

Merete Alvestad skal vera leiar for den nye greina **"ekornspeiding"** (sjå årsmelding).

Friluftslivets år 2005.

Årsmøtet gjekk så over til planlegging av programmet for våren. Forbundet vårt har utarbeida ein programpakke for både ulv/meis og speidarar for Friluftslivets år 2005. Dette vil speidarane på Bokn gjera seg nytte av.

Ymse uteaktivitetar vil for ulve- og meiseflokken gi rett til merker. I løpet av året skal me freiste å ta flest mulig av merkene Bålmerket, Idrettsmerket, Haustmerket, Vintermerket, Skogmerket, Naturmerket, Symjemerket, Småbåtmerket, Fuglemerket, Turmerket, Underholdningsmerket og Vektarmerket.

Speidarane skal (på papiret) reisa No-reg på langs i løpet av året. Ymse friluftaktiviteter gjev så og så mange kilometer. Dess fleire, og tøffare, uteaktivitetane er dess meir kilometer vert det, og dess fortare kjem ein i mål på Nordkapp. Det ligg eit merkeopp-legg i dette opplegget og.

Me ønsker alle eit godt **"Friluftslivets**

år".

Leiv Våga

Årsmelding for 2004

Medlemmer:

Foreninga har 72 medlemmer. 43 speidarar er under 16 år, ein småspeidarflokk på 21 og ei speidertropp på 22. Vidare har me 8 roverar/rangerar (ungdomar over 16 år). Av 21 andre vaksne medlemmer er 11 leiarar og hjelparar. I 2003 hadde me 78 medlemmer. Det svingar ofte litt, men me likar ikkje at me har nedgong to år på rad.

Arbeidet gjekk føre seg i ein småspeidarflokk for 3.- og 4. klasse og ei speidartropp for klassetrinna 5.- til 10.

Speidartroppa sine aktiviteter:

18 patruljemøter - 6 førarpatruljemøter - 11 troppsmøter/arrangementer - krinsleir Suldal 04 - 2 troppsturar - deltaking i 2 gudstenester.

Småspeidarflokkens sine aktiviteter:

16 vanlige småspeidarmøter - 2 turar/leirar - 5 arrangementer saman med speidarane - deltaking i 2 gudstenester.

Andre møter:

Årsmøte og 4 stk. leiar/styremøter

Høgdepunkter gjennom året:

Juletefest i skogen vart starten på speidaråret, eit fellesarrangement m/ familiar som samla ca. 70 stk.

Speidarbasaren var den neste store samlinga med stappfullt bedehus og godt økonomisk resultat.

Gudstjenesten med speiderprosjekt og løftefornyelse i mars var ei fin oppleving.

Kampen om Vikingskipet den 24 april samla 100 deltakarar frå heile kretsen. Svært populært arrangement. 17. mai hadde me karusell og taubane på fotballbanen. Me hadde og kioskalet

Ved korpset sitt jubileum i mai stilte speidaren med karusell og taubane.

Krinsleir for småspeidarar på Bliks-havn i juni vart vellukka med fint ver. **Jentene frå Bokn vart krinsmeisterrar.**

Troppstur til Vågholmen 4.- 6. juni. Flott leirplass, bra ver og fine opplevingar, sjølv om myggen la ein dem-par.

Jonsokfeiringa i Ognahabn starta med fint ver og masse folk, men som vanleg kom regnet.

Krinsleir i Suldal 31. juli - 7. august. 20 speidarar og leiarar frå Bokn deltok. Kjempefint ver, spesielt første del, litt regn og torden etter kvart. Bokn fekk heiderleg omtale for leirområdet og for beste byggverk på leiren. Karusellen vår vart den best besøkte aktiviteten på tivoliet.

Kanotur 18. - 19. sept. vart i siste time avlyst på grunn av storm og regn, men 8 - 10 speidarar drog til speidarhuset og overnatta der som dei fyrste overnattingsgjestene der nokon gong, untatt musene som bur der fast. Både speidarane og husmusene storkoste seg.

Leirbålskveld i samband med "friluftslivets uke" 2004 samla ca. 90 personar i Ognahabn.

Småspeidartur til Sandbekken i oktober føregjekk i storm og regn, untatt den timen på laurdagen då me padla. 20 av 21 trossa uveret og deltok på turen.

Lysbileteframsyning v/Ole Jakob Vorrå den 2. nov. var speidartroppa spesielt inviterte til. Me fekk sjå flotte naturbileter frå Bokn og andre stader i nordfylket.

Opptak av 7 nye speidarar den 9. nov.

Lysmessa på første sundag i advent var fin og stilfull. Svært godt frammøte av speidarar med familiar.

Heradstun 50 år

Sigvart Våga

Det er vel ikkje alle som veit kva "Heradstun" er. Det er det me kallar den gamle banken. Er så dette noko å hefta seg med. Ja det var på ein måte eit markert punkt i bygdesoga. Då fekk me for fyrste gong eit bygg for offentlege kontor.

Bokn Sparebank, som starta i 1913, heldt til i leigde lokaler, hjå Lars Sæbø, hjå Peder Alvestad, og i lengst tid hjå Peder Ellingsen i Føresvik. Lokala var ikkje særleg godt eigna, og det var ikkje framtidsretta.

Bokn kommune hadde det ikkje betre. Ikkje noko lokale for kommunale kontor, og ingen møtesal. Alle kommunale møte var i det såkalla "Ungdomshuset", no Bokn Bygdemuseum. Kommunen hadde det minste rommet der, den såkalla "kommunestova". Me kan jo gjerne undra oss på kvifor ein ikkje brukte det største, men alt var i det minste, tilmed når dei hadde framhaldskule der.

Ungdomshuset vart bygd av losje "Heimfred" og Bokn Kristelege Ungdomsforening i lag, og var ferdig i 1909.

Før den tid var t. d. kommunestyremøta på omgang heime hjå medlemmene. Det siste av desse vart halde på Håland det og, 30. des. 1909 i Henrik Håland sitt hus. Det er der hans oldebarn Ståle bur no. Det er eit merkeleg samantreff at også det fyrste ordinære kommunestyremøte i Bokn 30. juni 1850 "afholdes paa Gaarden Haaland!". Der står ikkje i kven sitt hus. Det var to rep. frå Håland i


den fyrste kommunestyreperioden. Det var Peder Jensen Håland, bestefar til ovanfor nemnde Henrik. Og Lars Larsen d. e., som er oldefar til Olav. Fyrste møte i ungdomshuset var 10. feb. 1910.

Både banken og kommunen tenkte av og til på å skaffa seg eige hus. Men det var fyrst då krigen var slutt i 1945 at tanken vart meir konkret. Det var då meininga at dei skulle byggje i lag. Dette lika bankinspeksjon ikkje. Dei ville heller at banken bygde åleine og leigde ut til kommunen.

Der var i mange år etter krigen streng rasjonering av alt og vanskeleg å få byggjeløyve. Då Kyrkjebygd skule var ferdig, vart det gamle skulehuset for krinden som sto på Torland til salgs. Dette kjøpte banken for 1500 kr. Det var då meininga å flytte det og setje det i stand. Men heldigvis får me vel seie, bankinspeksjon var fram på att. Dei lika dette også dårleg. Huset vart difor seld att, til Tønnes Bryningsland og sett opp hjå han til folgehus. Der står det fortsatt.

Vanskane med byggjeløyve heldt seg lenge, Handelslaget sleit og med dette. Skulle ein i det heile få byggja måtte det vera bustadhus. Ånen Øvrebø teikna eit slikt hus med bank og møtesal nede og bustad oppe.

1. aug 1953 vart det vedteke å setje i gang med byggjinga. No var det ordna med bankinspeksjon og



Heradstun rundt 1970.
Bygdabladet beklager billedkvaliteten.

med byggjeløyve. Og hausten 1954 var huset ferdig. Fyrste kommunestyremøte på Heradstun var 20. des. 1954 og det siste på ungdomshuset hadde vore 15. nov.

Romma oppe vart aldri nytta som bustad, men leigde ut til kommunen som rom for likning, trygdekasse og kommunekasserar, seinare også formannskap og kommuneingeniør. Biblioteket vart og flytta hit, det hadde tidlegare vore i eit skap i kommunestova på ungdomshuset. Dessutan var her kontordagar for lensmann, agronom m.m. Til og med barnekontroll.

Då den nye skulen var ferdig i 1973 vart kommunestyremøta flytta dit, til musikkrommet. Fyrste møte på skulen var 16. aug. Dette var rett nok fire dagar før vigslingsfesten. Men alle kontor og formannskapet sine møte og sjølv sagt banken vart framleis verande på Heradstun, til kombibygget Boknatun overtok alt i 1987.

Det yrte med strandekorn...

...på Alvestad nærmiljøanlegg da ekorn-speidaren hadde sitt første møte.

Merete Alvestad

Etter veker med urimeleg dårleg vær, fekk me ein pause frå vind og regn akkurat stor nok til å kosa oss skikkeleg ute. Store og små var fulle av energi. Alle var med på å leika, og å laga familiebilete av det me fann i fjøra. Leiv Våga hadde sett opp lavvo til oss, slik at dei små kunne sitja litt inne i den.

Viss det er fleire som kunne tenkja seg å vera med på familie-spending, er dei hjarteleg velkomne neste gong me har møte.

Sjå i kulturkalenderen s. 15



Familiebilete av det me fann i fjøra

Ordførerstillingen i Bokn

Demokrati er ikke alltid like enkelt. Blander en i tillegg inn stramt kommunebudsjett, en dose politikk og kanskje litt "takktak for sist", blir resultatet etter min mening ikke det velgerne ønsker.

Så vidt jeg husker ble Svein Ove Alvestad valgt inn med klart flertall for to perioder siden. Dette var første gang boknaren kunne velge ordfører fritt, uten hensyn til politisk bakgrunn. Ved forrige valg gjentok det hele seg. Etter at vi hadde sett hvordan han løste oppgavene som ordfører i en periode, ble han igjen valgt til ordfører i

fritt valg.

Han stilte til valg på, og vi valgte han inn til, 70% stilling. I forbindelse med budsjettet endrer så våre folkevalgte stillingen til 50%. Dette er jeg sikker på omtrent hele Bokn ville stått samlet bak for å spare i økonomisk stramme tider. Selvfølgelig måtte en i så fall gått alle kommunale stillinger og utgifter nøye i sømmene, det kunne jo vært interessant....

Det må snart være flere sjefer enn underordnede. Innen for eksempel renhold og vedlikehold øker derimot bare oppgavene uten at det blir ansatt flere av den grunn. Når de sparte pengene den redu-

serte stillingen utgjør, flyter ut i mer eller mindre nødvendige saker, minner det hele mer om en mistillitssak.

Jeg, og mange med meg, mener vi har en ordfører som presenterer Bokn på en god måte og som har vært synlig i omgivelsene. Han er og flink til å delta på de møter og andre begivenheter han blir invitert til, både sent og tidlig.

Er det noen som vil sette saken i et annet lys? Velgerne ønsker helt sikkert å høre det før neste valg!

Vil understreke at dette innlegget ikke er politisk motivert.

Hilsen Trond Vatnaland

Politisk vilje til gode løysingar

Det er frå ordføraren og gruppeleiar i Høyre komme kritikk mot budsjettvedtaket i kommunestyret i Bokn. Me vil med dette innlegget seia noko om bakgrunnen for våre val.

Flirtalet i kommunestyret valte å leggja fram eit alternativt budsjett i høve til rådmannen. Dette budsjettet held dei same rammene for drift som i rådmannen sitt forslag og hadde ikkje som intensjon å spara meir enn det som allereie var gjort frå dei ulike avdelingane.

Me veit at det var eit stramt budsjett for avdelingane i utgangspunktet og at det var lite å gå på. Difor leita me etter andre løysningar for å kunne styrka dei svakaste brukarane og dei som kommunen har ansvar for å yta tenester.

Me ville styrka skule, helse og vegar. Dette er det viktig å gjera i budsjettet, fordi når revidert kjem opp er halve året gått. Då har nokre 7 åringer kanskje gått glipp av verdifull tid til ekstra leseopp-

læring, eller nokre funksjonshemma har ikkje fått den støtta dei treng for å få ein verdig kvardag.

Samarbeidet mellom Kristeleg folkeparti, Arbeidarpartiet og Senterpartiet i Bokn har gått fint og alle har vore einige om å forskyva litt på nokre postar. Reduksjon av folkevalte sine godgjerdslar og stillingar med 20% var ein av dei tinga me vart einige om, dette fordi me meiner at når det er laga så strame rammer frå sentralt hald, er det betre å redusera for politisk folkevalte og administrasjon enn direkte i tenester mot brukarane.

Ikkje vengeklipping eller mistillit

Ordfører har etter at nærings-sjefen slutta hatt ansvar for å fylgja opp næringsutvikling spesielt. No er det oppretta eit eige selskap for fleire kommunar, Haugaland vekst, som skal ivareta dette. Vi yter eit tilskot til dei som er det doble av det beløpet me sparar på reduksjon av ordførarstillinga. Det er det som er bakgrunnen for reduksjonen og ikkje vengeklipping eller mistillit.

Me meiner at i ein situasjon der

vegane er trafikkfarlege og vedlikehald ikkje er utført over lang tid, vil det vera fare for at vegane vert heilt øydelagd. Då vert det mykje dyrare å reparere. Arsvegen er mykje trafikkert, det er skulebuss som går der fleire gonger dagleg og difor vert den prioritert. Det er heilt klart fleire vegar som burde vore vedlikehaldt, men me må starta ein plass og vona at det vert betre tider med ei ny regjering.

I høve til investeringar, som ein må skilje frå drift, valte me å snu etter vedtak i formannskapet. Der støtta me ikkje tilskot til molo i Hålandsjøen, på bakgrunn av opplysningar me fekk om usemje eller misforståingar mellom kommunen og båtforeininga. I kommunestyret vart det sagt at dette var rydda opp i, og me vil då støtta ferdigstilling, når plan for dette vert framlagt. Dette førte til at me auka ramma for investeringar i høvet til rådmannen sitt forslag med 130.000 kr. Noko me ikkje ser på som dramatisk.

Formannschaftsmedlemmer for Kristeleg Folkeparti, Arbeidarpartiet og Senterpartiet

Anonyme innlegg

Me har ved fleire høve dei siste åra minna folk på at det er lov å vera anonym i bladet, men innleg-

get skal vera underskrive når det kjem inn til redaksjonen.

Underskrivne har ansvaret for det som kjem på trykk og kan ikkje publisera stoff med ukjende for-

fattarar.

Du er velkommen til å bidra med det du har på hjartet!

- redaktøren -

Ordførerstilling og innstrammingsbudsjett

Etter å ha fått med meg de siste begivenhetene rundt ordførerstillingen i Bokn, er jeg ikke overrasket over det som har skjedd.

Når Senterpartiet har hatt ordføreren har stillingen øket og når Høyre har hatt den har stillingen blitt satt ned (Jmfr. Arne Øvrebø ordfører, stillingsprosenten ned, Svein Ove Alvestad ordfører, stillingsprosenten ned).

Det som forundrer meg er at KRF lar seg prostituere i en sak som denne, SP og AP har som sagt gjort dette før så det overrasker meg ikke.

Jeg er veldig enig i det som Trond Vatnaland skriver og ser ingen grunn til å gjenta det, men ønsker likevel å komme med noen kommentarer rundt dette.

Bokn kommune har i mange år fremstått som en lukket kommune der det har vært liten kommunikasjonsvilje med innbyggerne, de ansatte har heller ikke tatt det nødvendig taket for å fremstå som en serviceinnstilt kommune som ønsker å gjøre det beste for kommunens innbyggere.

Da Svein Ove ble ordfører begynte vi snart å se en forandring på dette, han møtte innbyggerne der de var i kommunen, tok seg tid til å møte folk og representerte kommunen utad både i kommunens arbeidstid og sin egen arbeidstid i egen bedrift. Dette langt over de 70% som stillingen var satt til.

Resultatet av dette er at kommunen forandret seg til å møte henvendelser fra et nei-utgangspunkt til et ja-utgangspunkt. Dette ble belønnet med en anerkjennelse fra innbyggerne i siste valg, noe som noen og enhver kunne misunne. Dette må ha gitt en inspirasjon til å jobbe videre for kommunen sine innbyggere langt mer enn det som var forventet i stillingstørrelsen.

Jeg er klar over at flertallet i kommunestyret i denne saken nok tilhører de 25% som ikke stemte på Svein Ove, men skal vi som tilhører de 75% ene finne oss i at det som vi er fornøyd med skal legges i grus på denne måten?

Jeg håper, Svein Ove - at du som den personen jeg kjenner reiser deg etter dette slaget under beltestedet og står på for oss som har vist deg tillit, og vil gjøre det i neste valg også, da skal vi også sørge for at du har 75% støtte i kommunestyret. Vi tror nemlig på at du vil klare dette og styre kommunen inn i en god sirkel slik at vi får ha muligheten til et eget valg neste gang, og slipper å dra til Tysvær for å stemme, i motsetning til flertallet i kommunestyret som har gitt opp denne kampen.

Vi vet at skal du klare å gi oss den servicen som vi vil ha og også fronte kommunen utad som du har gjort, vil dette kreve mer en din tildelte 50% stilling, din belønning for dette vil komme ved neste valg.

Ikke la smålige politikere som fremstår som dårlige tapere ødelegge det som nå er bygget opp, men vis dem at de er på feil vei, har du ikke deres tillit har du ihvert fall 75% av de som deltok ved forrige valg i ryggen, og vi skal ikke svikte deg.

Ser i innlegget fra formannskapsmedlemmene til Ap, Sp og Krf at de ønsker å satse på service til folket og at de med kjent stil skyver de svake gruppene foran seg for å rettferdige sine vedtak, dette vil etter min mening også måtte prege behandlingen med å redusere stillinger med 20%, som de skriver i sitt innlegg.

Trond nevnte dette med å se på administrasjonen og kutting av utgifter, dette ser jeg som meget vanskelig med den politiske sammensetningen vi har nå, jeg har på grunn av mine utradisjonelle meninger ikke blitt valgt som fast medlem i kommunestyret, men

har hatt gleden av å møte som varann noen ganger.

Jeg husker godt under et kommunestyremøte som var avholdt i den nye barnehagen, en av sakene vi skulle behandle var bruken av konsulent til å utrede om våre kjære "vaskedamer" kunne vaske større arealer innen for samme arbeidstid.

Dette ble vedtatt med stort flertall. Jeg påpekte da at jeg ikke kunne forstå hvor enkelt det var å gjøre dette med de hardt arbeidende "vaskedamene", noe som måtte føles som om politikkerne ikke hadde tillit til at de ikke utfylte sin arbeidstid, samtidig som jeg ble møtt av en overhøvlende kritikk og påstand om at jeg ikke hadde tillit til administrasjonen da jeg kritiserte at administrasjonen hadde glemt å ta viktige utgifter med i budsjettet.

Så når jeg nå leser følgende fra denne budsjetttrunden:

"Rådmannen hadde forslag om å ta ein gjennomgang av administrativ organisering og tenesteproduksjonen for å få ei enklare og meir effektiv drift. Dette slutta kommunestyre seg til og talfesta innsparingane til i størrelsesordenen 3 årsverk (1-1,5 mill)." og ser fra innlegget til formannskapsmedlemmene om 20% innsparing, har jeg ikke tillit til at dette blir spart inn på et høyere nivå, men at både vaktmestere og renholdere må gjøre seg klare for innstramminger. Da sjefer og akademikere er fredet av flertallet i kommunestyret.

P.S

Jeg blir litt forundret (eller skulle jeg ikke bli det) når jeg ser fra innlegget til Ap, Sp og Krf sine formannskapsmedlemmer at formannskapsmedlemmet til KRF kan underskrive et ønske om regjeringskifte når de selv sitter med statsministeren.

*Med en politisk hilsen
Lars S. Alvestad*

Barns tanker om religion

Den Hellige Ånd er Ånden som går.

Å være engel er et typisk kvinneyrke.

Det er noen som har en hellig lama.
Det er eg egentlig en liten kamel.

Den heter Dalai-Lama. Jeg tror det er en engel.

Hvis Gud hadde holdt det han sa om å la alle barna komme til seg, så hadde vi ikke trengt barnehager.

Gud gjorde 5 brødre om til 2

fisker.

Gud skrev et gammelt testamente før han døde.

I Bibelen står det at man skal være snill hele tiden og frykte Gud.

Titt, titt, her e me så blei født i fjor


- nye boknarar 2004 -



Miriam Sunde Olaussen - 16.01

11 1/2 mnd. på bildet


Ann Jeanette S. & Cliff Olaussen



Jacob Larsen - 29.01

11 mnd. på bildet


Kerstin Andersen & Jostein Larsen



Kristine Vågen Alvestad - 18.03

9 mnd. på bildet


Randi Alida Vågen og Svein Ove Alvestad



Sigvart Nathan Våga - 29.03

8 mnd. på bildet

Jareya & Osmund Våga



Andreas Magnus Alvestad - 15.04

4 mnd. på bildet


Merete og Finn Magnus Alvestad



Ole Johan Øvrebø - 05.06

7 mnd. på bildet


Berit Merete Nordbø og Erik Øvrebø



Nora Victoria Våge - 03.07

2 mnd. på bildet


Hanne Jorunn Rasmussen & Einar Våge



Steffen Aksdal - 25.08

3 mnd. på bildet

Kate Silje Michelle & Geir Aksdal



Eskil Bokneberg - 15.11

2 mnd. på bildet

Anita C. G. & Harry Bokneberg



Lena Tjøsvoll - 27.12

12 timar på bildet

Hilde Louise S. & Roy Tjøsvoll

Døde 2004

Bjarte Kro	18.02.04
Gravlagd	25.02.04

Trygve Jøsang	21.02.04
Gravlagd	26.02.04

Kulturkalenderen - nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong

- daglege oppdateringar i nettutgåva -

FEBRUAR

- 19. Klubbkveld for ungdom
- 20. Gudsteneste kl. 11.00
- 20. Bingo på skulen **kl. 16.00**, arr. Bokn musikkorps
- 22. Årsmøte, Havnavegen Vel kl. 19.30 i Allrommet**
- 23. Årsmøte, Bokn idrettslag
- 24. Bokn pensjonistforening i Allr., Boknatun kl. 17.30
- 26. Dans, arr. Bokn idrettslag
- 27. Årsmøte, Bedehuset**

MARS

- 01. Speidarbasar på Bedehuset
- 01. Kommunestyremøte**
- 02. Barnetime i Biblioteket med Venevil Birke lund - sjå s. 23**
- 04. "Davido-Trylle-Show" i Auditoriet kl. 17.00 - sjå s. 23**
- 05. Alpha-middag på Bedehuset
- 05.-
- 06. Seminar på skulen, Bokn brass
- Gudsteneste kl. 19.00. Årsmøte etterpå.
- 08. Kino i Auditoriet - sjå s. 23**
- 09.-
- 11. Indre sjømannsmisjon på Bedehuset
- 13. Indre sjømannsmisjon på Bedehuset
- 13. Ekornspeidaren har bålsmøte kl. 15.30 ved busshytta i Knarholmen**
- 13. Bingo på skulen kl. 19.00, arr. Bokn musikkorps**
- 16. "Bamse - ein BraKar" i Auditoriet kl. 17.00 - sjå s. 23**

- 16. Open Alpha på Bedehuset
- 19. Klubbkveld for ungdom**
- Gudsteneste kl. 11.00 Dåpsskule/konfirmentar
- Gudsteneste kl. 11.00
- Gudsteneste kl. 15.00
- 29. Formannskapsmøte**
- 31. Bokn pensjonistforening i Allr., Boknatun kl. 17.30
- 31. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00

APRIL

- 05. Kino i Auditoriet**
- 05. Open Alpha på Bedehuset kl. 19.00
- 10. Gudsteneste kl. 11.00
- 10. Fisketur med ekornspeidaren kl. 15.30 på moloen i Alvestadkroken**

13. Barnetime i Biblioteket med Venevil Birke lund kl. 17.00

- 16. Dans, arr. Bokn idrettslag
- 17. ABR-senteret på Bedehuset
- 20. Basar på skulen, arr. Sjømannsforeningen**
- 21. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00
- 24. Konsert på skulen, arr. Bokn musikkorps**
- 24. Frelsesarmeen på Bedehuset kl. 19.30
- 26. Formannskapsmøte**
- 28. Bokn pensjonistforening i Allr., Boknatun kl. 17.30
- 30. Vårslepp, arr. Bokn idrettslag
- 30. Klubbkveld for ungdom**

MAI

- 01. Samtalegudsteneste kl. 19.00 med fest etterpå
- 03. Kino i Auditoriet**
- 05. Konfirmasjonsgudsteneste kl. 11.00
- 08. NMS på Bedehuset
- 15. Fellesgudsteneste i Tysvær kyrkje kl. 11.00
- 17. Gudsteneste kl. 10.30
- 21. Dans på skulen, arr. Bokn IL & Bokn RK
- 26. Bokn pensjonistforening i Allr., Boknatun kl. 17.30
- 26. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00
- 28. Klubbkveld for ungdom**
- 28.-**
- 29. Ulve/meiseleir på Blikshavn, Karmøy**
- 29. NLM på Bedehuset
- 31. Kino i Auditoriet**

JUNI

- 02. Formannskapsmøte**
- 05. Gudsteneste kl. 19.00
- 11. Klubbkveld for ungdom**
- 12. Gideon på Bedehuset kl. 19.30
- 14. Kommunestyre**
- 26. Gudsteneste kl. 11.00

JULI

- 17. Gudsteneste kl. 11.00

AUGUST

- 07. Gudsteneste kl. 11.00
- 28. Gudsteneste kl. 19.00. Misjonssundag
- 30. Formannskapsmøte**

SEPTEMBER

- 27. Formannskapsmøte**

KØYRING MED BIL PÅ SKULEPLASSEN

Rektor må be om at skiltet med innkøyring forbode mellom klokka 08.00 -17.00 vert respektert.

Skiltet er sett opp for å sikre at barn i skule/SFO og barnehage har trygge leiketilhøve, også etter at den vanlege skuledagen er slutt. Elevane på u-steget har og tilbod om flexitid to dagar i veka utover vanleg skuledag og nyttar difor skuleplassen. Framover våren er aktiviteten stor på skuleplassen både av skule- og barnehageborn. Det blir på førespurnad gitt løyve til å køyre inn for varelevering/henting, men det er viktig at det ved slike høve vert køyrt svært roleg og forsiktig.

UTSTYR FRÅ KJØKKENET

Ved ulike tilstellingar og ved vanleg heimkunnskapsundervisning vert det av og til sendt med elevane heim kakeformer eller noko anna til å ha noko oppi. Det kan og vere kakefat, boller til graut o.l. som blir lånt ut. Dersom det er noko i ein eller annan heim som høyrer til her på skulen, vil me bli glade om det vert sendt med elevane eller levert på skulen.

NB! Bokn musikkorps som storbrukar av kjøkken og gymnastikk-sal, kjøpte rett før jul knivar, gaflar og teskeier som skal supplere det som var før. Dette kom vel med og vart sett pris på.

SU HADDE MØTE 02.02.2005

På dette møtet fastsette samarbeidsutvalet skuleruta for 2005/06, drøfta resultatet av brukarundersøkinga i desember 2004, drøfta endringane som kjem ("Kunnskapsløftet"), drøfta skitur for elevane, og fekk ei orientering om konsekvensar av stillingsstoppen som kommunestyret har vedteke.

RESULTATET AV BRUKARUNDERSØKINGA

SU ber om at resultata blir tatt opp og drøfta teamvis på neste foreldremøte.

På alle spørsmåla, med eitt unntak, har fleirtalet valt positive svaralternativ.

Det som får høgast skåre er informasjonsarbeidet ved skulen. Her er 97% nøgde.

Når det gjeld kvaliteten på uteområdet har eit fleirtal (61%) gitt ne-

gativ vurdering.

Elles er overvekta av positive svar stor over meste heile lina, så resultatet er samla sett veldig bra for skulen. Foreldra gir med andre ord skulen eit godt skussmål, la det vere sagt først.

Men det er no ein gong slik med undersøkingar at ein leitar litt ekstra etter det negative, for det er der ein kan og skal bli betre. Så her kjem dei områda som fekk mest negativ merksemd hos svararane:

- o Uteområdet.
- o Inneklimaet.
- o Me må gjere ein innsats når det gjeld informasjon om SFO.
- o Litt for mange meiner samarbeidet om innhaldet på klasseforeldremøta bør bli betre.
- o Skulevegen er ikkje vurdert som trygg av alle.
- o Ein del har merknader som gjeld tilhøva på skulebussen.
- o Garderobe og toaletttilhøva blir vurdert negativt av ei stor gruppe.
- o Mange synes lærebøkene no er utslitne og for dårlege.

Dei som ønskjer heile undersøkinga tilsendt kan kontakte skulekontoret.

KUNNSKAPSLØFTET

Departementet brukar omgrepet "Kunnskapsløftet" om alle endringane som kjem. I denne omgang drøfta SU følgjande som står på side 6 i rundskrivet ved same namn:

Skulane blir oppfordra til å legge til rette for auka fysisk aktivitet for alle elevane, og til å bevisstgjere om ernæring og kosthald.

For at elevane skal få best mogleg utbytte av opplæringa bør det også stimulerast til at mindre av skulearbeidet skjer heime og at de kan få hjelp med leksene på skulen.

SU vedtok å be om at dette blir tema på komande foreldremøte, og at skuleleiinga på grunnlag av drøftingane med foreldra så lager ei førebudd sak til SU.

SKULESKITUR

Elevrådet har gjort vedtak om at dei ønskjer skuleskitur til bakke med trekk. I praksis vil det seie ein tur til Sauda eller Røldal seier dei som har målt snøen rundt om.

Wolfgang Ognøy tok denne saka opp for elevrådet i siste SU-møte. Som kjent sa SU nei til slik tur i fjor. Turar med kostnad for foreldra treng godkjenning i SU etter reglane våre. Helst skal ikkje skuleturar koste heimane noko, som alle veit.

Det blei drøfta ulike sider ved slik tur, fordelane ved at elevane har opplevingar saman og får prøving dei kanskje elles ikkje ville prøvd, kostnadene som kan bli ganske store for foreldra med leige av ski, press foreldra kan oppleve, vanskar for lærarane med å sikre alle elevane ei god oppleving i skibakken når heile skulen skal vere med og mange er urøynde.

Det blei også drøfta alternativ til skuletur, som at idrettslaget arrangerer tur, deltaking på offentleg turtilbod med buss frå Flotmyr, tur bare for ungdomssteget eller for enno mindre gruppe.

SU gjorde vedtak om at det skal kallast inn til foreldremøte på ungdomssteget for å høyre kva dei meiner om tur for bare ungdomsskulen.

Saka blir deretter tatt opp på nytt i SU på neste møte som er 16.03.2005.

BOKN KOMMUNE BEST PÅ HAUGALANDET I NASJONALE PRØVER

Dei fleste har sikkert fått med seg oppslaget i Haugesunds Avis for ei tid sidan, der Bokn kommune var best av kommunane på Haugalandet i nasjonale prøver. Prøvene det blei vist til var i norsk og matematikk for 4. årssteget våren 2004.

Det er bare å glede seg over sånne oppslag. "Best i byen" denne gongen, god Bokn-reklame, uansett kva ein elles måtte meine.

Men slike samanlikningar av kommunar og skular har avgrensa informasjonsverdi, særleg når det gjeld så små einingar som vår. Neste gong kan me vere langt nede på skalaen, utan at det har skjedd endringar ved skulen. Elevkulla er så forskjellige, og ved vår litle skule kan det gje store utslag.

Gjennom andre kjelder er me blitt kjent med at på landsbasis var Bokn skule omtrent nr. 450 av

meir enn 1000 skular.

Dei beste skulane låg milevis over oss andre i poeng, og ros til dei for det. Men samtidig gir det grunn til ettertanke når me får kjennskap til at fleire skular rundt om i landet har brukt veker på å drille elevane på denne type prøvar.

Og me som har lest og trudd på det som står om at dette er testar som skal hjelpe læraren med ein påliteleg "læringsprofil" for kvar elev, slik at læraren kan skreddarsy undervisninga for eleven.

LÆRANDE NETTVERK

Tysdag 8.2.2005 var Bokn skule vertskap for ein regional konferanse om "Lærande nettverk".

"Lærande nettverk" er eit prosjekt der skular i regionen skal hjelpe kvarandre til kvalitetsutvikling gjennom bruk av IKT- nettverk. For Bokn er dette ei vidareføring

av erfaringane me fekk i IKT-prosjektet PILOT.

35 lærarar og skuleleiarar saman med folk frå utdanningsdirektør og høgskulen Stord-Haugesund var med i auditoriet.

SYMJEOPPLÆRINGA

Siste nytt om symjebassenget i Aksdal er at det opnar i april. Me får vente og sjå kva som skjer. Når det endeleg opnar er reparasjonane sikkert gjort så grundig at det blir få avbrekk dei nærmaste åra, så me får vel tatt att det meste av det forsømte.

10. KLASSE TIL HAUGESUND TEATER

10. klasse har dei siste åra fått reise til teater eller konsert for å sjå ei framsyning som kan knyttast opp mot pensumet deira i 10. klasse. 10. februar var 10.klasse på ei framsyning på Haugesund teater,

der dei fekk oppleve "Hva du vil - eller twelfth night" - av William Shakespeare med mellom anna Toralf Maurstad og Helge Jordal.

BOKVEKER PÅ SMÅSKULE-STEGET

Småskulesteget har i to veker brukt 2-3 timar kvar dag utanom onsdag til bokveke. Bøkene har vore knytta opp mot 5 ulike sjangerar: poesi, spenning, eventyr, fakta og biletbøker. Etter vinterferien vil foreldra bli inviterte til "Bokkafé" for å sjå kva dei har gjort.

SKULEN SITT FORKONTOR

Forkontoret på skulen skal vere betjent **kl 0825 - 1225** dei fleste skuledagar med unnatak av fredagar, **telefon 52 75 25 69**.



Our main themes	
C	Communication
A	Attitudes
T	Teenagers
C	Community
H	Health
I	Intercultural
T	Technology

Bokn skule sitt Comeniusprosjekt, Catch IT har fått nye internettsider

Prosjektleiar Stein Mag-nar Gjerde kan nå melde at nye nettsider er oppe og går! Han har i lengre tid jobba med å få til ein ny nettstad etter at den prosjektet har brukt i fleire år vart lagt ned.

På desse sidene: **h t t p : / / w w w . boknskule.no/en/** kan du finne eit arkiv med tidlegare arbeid frå alle

fem samarbeidslanda: Sverige, Tyskland, Nord-Irland, Tsjekkia og Bokn i Noreg. Du vil også finne nye, ferske tekstar i tida framover.

Temaet det blir jobba med nå er "wellness". Elevane i alle skulane i prosjektet skal skrive tekstar på engelsk der dei seier noko om kva som er viktig i deira liv

for at dei skal ha det godt, kjenne seg vel/"wellness".

Ta ein kikk, - dette er Bokn skule i samarbeid med delar av den store verda der ute!



Minneord

Magnus Alvestad er død, 93 år gammel.


Han var født på Alvestad og var yngst av en søskenflokk på åtte. Magnus mistet moren da han var to år og faren da han var syv år. Han vokste opp hos slekten som bodde i nærheten.

Foreldrene var Ole Mandius Alvestad og moren Tea Elisabeth Alvestad. Han ble gift med Fernanda Sæbø i 1935, og de fikk fem barn sammen.

Magnus begynte tidlig som fisker og sammen med to andre fikk de bygd fiskeskøyta "Sunda", som de i mange år drev fiske med. De siste årene drev han med litt jordbruk og småfiske til helsen begynte å svikte.

Han var glad i barn og likte at barn, barnebarn og oldebarn kom på besøk. Magnus var rolig og godt likt, og hjelpsom for de som trengte hjelp. Han prøvde seg på forskjellige instrumenter uten å bli den store musikeren, men hadde det som en hobby; trekkspill, fele, hammondorgel og mandolin.

Magnus etterlater seg fem barn, 11 barnebarn og 20 oldebarn.



Pengeflaum for flaumofre

Jardar Havikbotn

Den store gjevargleda i Bokn har kome flaumofra etter flodbølgekatastrofen i Sørøst-Asia til gode.

Det var ikkje berre på slump at Bokn blei beste kommunen i Rogaland og nr. 10 i Noreg under fjorårets TV-aksjon. Bokn Røde Kors Hjelpekorps (BRKH) gjekk rundt med bøsser 30. desember i fjor og samla inn heile kr. 44.006,50.

- Eg trur det aldri har blitt samla inn så mykje pengar under ein dør-til-dør aksjon tidlegare i Bokn, seier representant for BRKH, Unni W W Høivik, til Bygdabladet.

Dette har ho heilt rett i. Den forrige rekorden var frå TV-aksjonen 1995, då det blei samla inn kr. 37.818,- til Frelsesarméen.

Unni kan også fortelja at dei har hatt bøsser ute på butikkane og i Arsvågen i ei veke og fått inn kr.

3.559,- Vidare har Bokn idrettslag gitt kr. 1.000,- samt at Bokn kommune ved ordføraren, etter søknad frå BRKH, bevilga kr. 5.000,- til flaumkatastrofen, så til saman har Bokn-laget samla inn kr. 53.565,50. Dette utgjer kr. 70,- pr. innbyggjar og er eit kjempe-resultat!

BRKH vil også retta ein takk til May Jorunn Vatnaland i Sr-bank Bokn, som opna banken same kvelden som innsamlinga var og telde opp pengane.

Naturkatastrofen i Sørøst-Asia har gjort eit svært sterkt inntrykk på alle, og folk over heile landet viser eit samhald som er heilt unikt. Røde Kors står sentralt i bidragsarbeidet og har i Rogaland samla inn 4 millionar kroner.

Tsunamien

Bygdabladet har fått melding om at boknarane Cecilie G. Larsen og Birger Lindanger var i Thailand då flodbølga kom. Medan Cecilie, som var på rundreise i Asia saman med ei venninne, måtte springa i frå bølga, var Birger Lindanger m/fam. oppe i jungelen då naturkref-tene brølte innover land.

Då havet kom


Birger Lindanger

Ringar i kaffi

Søndag morgon 26. desember 2004 gjekk drøsen rundt frukostbordet i Chang Mai, dels om buddhisttempelet som skulle besøkast, dels om sms-meldingar om terrorhandlingar i Sør-Thailand. Ein muslimsk sjølv-mordsbombar hadde sprengt seg i lufta ved ein bank, kunne det vera farleg å dra sørover? Dessutan brygga det opp til skulestreik - nokre muslimske terroristar dreiv og drap lærarar der sør. Då var det somme av oss som merka at det danna seg ringar i kaffien, det rista så rart. Ein og annan sprang ut i gata, dei hadde opplevd jordskjelv før.

Buddhisttempelet låg høgt og blinkande i gull på ein fjellknatt inne i jungelen tusen meter over havet. Med oss fylgde ein triveleg, tidlegare buddhistisk munk - eit mildt vesenet som jamvel nekta å snakka nedsettjande om terroristane i sør! Noko før kl. 10 fann eg meg på kne i bønestilling framfor ein buddhistmunk som skvatta vatn, signa meg og resten av selskapet og knyta ein kvit ulltråd kring handledda - det skulle bringa lukke og verna mot all fare. Dagen var varm og solblank som norsk høgsommar og me spøkte litt over kva som vel kunne truga.

I firetida om ettermiddagen dirra den fyrste sms-en inn - har de naua av den store bølga? Bølga? svara me. Snart rasa det inn med sms-meldingar - frå nær slekt, vener og kreditorar: Lever de? Og me spurte tilbake - kva har skjedd? Me spurde også dei lokale og fekk etter kvart vita at ein tsunami hadde treft stredene me skulle vera på om eit par dagar. Kanskje hundre var drepne eller sakna. Til sist fann me ein nettcafe: ein tsunami hadde herja kystane kring det indiske hav, titusenviis var drepne! Kanskje tusen



Buddhistmunken knyter ein ulltråd kring handleddet til artikkelforfattaren til vern mot fare.

nordmenn var sakna.


Kva skulle me gjera? Det var ikkje flykapasitet til å koma seg heim før tida. Me ringde hotellet, og fekk vita at den stranda me skulle til, var mellom dei som

var minst herja med. Hotellet var i god stand, sjølv om seks husvære mot stranda var knuste og strandrestauranten var lagt flat. Kom ned og ver turistar, var bodskapen. Ikkje reis, bad den norske ambassaden. Me valde å dra.

Tsunami

Lett urolege steig me på flyet til Phuket, kva ville møta oss? Airbussen var halvfull med oss som dei einaste turistane. Elles dominerte hjelpemannskap, journalistar og lokale folk. Motet vaks då me kom ut stasjonsbygget og såg smilande og leikande born. Men ei gruppe svartkledde, alvorlege politifolk balanserte inntrykket, det var ei spesialgruppe som skulle leita etter døde menneske. På veg mot hotellet var det uråd å sjå noko unormalt – bortsett frå mykje ambulansar.

Guiden som tok mot oss på flyplassen, var glad for å sjå oss. Ikkje minst etter tsunamien trong folk noko å leva av, og nå svikta turistane. Når de kjem heim, be folk om å koma hit – det er den beste støtta me kan få, var bodskapen hans. Då havet kom, sto vatnet godt over stovegolvet heime hjå han. Men huset blei ståande og familien hans berga seg.



Badestranda vår midt i høgsesongen 1. nyttårsdag. Også dette var ei side av tsunاميens herjingar, turistane forsvann. Men thaiane bruka ikkje mange dagane på å reinska strendene for vrakgods.

Hotellet vårt var bra, men halvfullt. Og det minka dag for dag medan me var der. Bare fronten mot stranda bar preg av møtet med tsunamien. Dette var stranda Surin Beach som slapp lettast frå bylgja. Her var havet djupt og stranda høg. Bølgja var "bare" tri meter og ingen turistar mista livet. Likevel var det sjokkerande å sjå kva vatn var i stand til å gjera også her. Eit tungt betonggjerde ut mot sjøen var lyfta opp og brekt flatt ned!

Hjå oss hadde det gått nokolunde greitt. Men bare nokre få kilometer lenger sør var det meir langgrunt. Der vaks bølgja til seks meter og herja stygt. Litt innanfor stranda strekte det seg eit samanhangande

belte av vrakgods. Ein kjende seg liten når ein såg koss sjøen hadde herja med ganske solide konstruksjonar.

Men det verste var likevel mellom alt skrotet å oppdaga ein liten fotlaus barnesko, eit heimlaust og vasstrukke kosedyr eller ei barnepute som ikkje lenger trongst. Eg såg også at hjelpemannskap arbeidde i ruinane og fann visst noko, men kjende ikkje trong til å vita kva det var. Eit stykke lenger nord var bølgja ti meter, der mista dei fleste norske livet. Folk fortalte at det kom sju bølgjer tett på kvarandre. Havet bare steig og steig og fossa innover, det var mest som ei svær og lynrask flo.

Falsk alarm

Me var ikkje så mykje på stranda, men var då uti sjøen litt. Men alle hadde stadig havet i augnekroken, me stolte ikkje heilt på det. Det hende me såg klede som dreiv – men utan noko inni! Ved frukost ein dag starta dei bobleanlegget i bassenget – me letta ein halv meter då me hørde vatn fossa. Verst var fredagen. Om morgonen ved åtte-tida merka me eit av dei mange etterskjelva. Utpå ettermiddagen gjekk ryktet, ein ny tsunami var på veg. Resultatet var panikk. Folk la på sprang og nokre skadde seg i redsla. Sjølv var eg i husværet mitt som sto på pælar ute i lagunen. Då det hamra på døra at tsunamien kom, trega eg så smått på at eg var her. Men det var altså falsk alarm.

Nyttårsaftan blei feira på lågmælt vis utan fyrverkeri og mykje ståk. Buddhistane inviterte folk til seremoni ved stranda. Dagen etter oppsøkte me ein stor turistmaskin – Fantasea – og prøvde å visa att så godt som råd. Men me var mest åleine turistar, det var dei fastbuande som for ein gongs skuld dominerte. Det var lite folk i restaurantane, lite folk i buone og lite folk som ville ri på elefantane. Sjøelve hovudshowet var mindre enn kvart fullt og stemninga heller matt. Det var stusseleg å vita at dei som katastrofen hadde råka, attåt mista inntektene sine.

Thaifolket imponerte elles voldsomt. Bølgja hadde ikkje drukna dei vennlege smila og redningsarbeidet blei drive effektivt og med eit stort oppbod av lokale frivilljuge. Dei viste ein utruleg offervilje og ueigen nytte også mot turistar i vanskar.

På vegen heim til Noreg, fekk me med oss ei rekkje pasientar frå sjukehusa, folk i rullestolar, på krykker, bandasjerte og nokre sterkt traumatiserte. Me blei også grundig registrerte, fyrst i Bangkok, så i København og til sist på Sola.

Å kjenna pusten av ei verdskatastrofe, gjer noko med ein. Ein får nye perspektiv og nye oppfatningar av kva som er viktig. Tsunamien merka alle som kom nær han for livet!

Til sist bodskapen frå dei lokale: Kom tilbake så snart som råd. Den beste hjelpa me kan frå, er at de held fram som turistar.

GEORG

*Han var den gladeste gutten
som til slutt møtte slutten
han var alltid full av leven og liv
alltid var han snill og kreativ
eg husker ennå når han var ung og brukte tutten.*

*No ligg han i den mørke kisten
navnet hans er nå på dødelisten
eg kjem aldri til å gløyme Georg
no lev familien hans i stillhet og sorg
Georg hadde alltid den herlege gnisten.*

Øyvind Pedersen, 10. klasse

En annerledes romjul

Cecilie G. Larsen

Morgenen 2. juledag var som tatt ut av et postkort; skyfri himmel, skinnende sol og en lett bris. Ingenting som kunne vitne om hva som skulle skje noen timer senere.

Julaften 2004 tilbragte jeg og min reiseveninne, Marthe, på en nattbuss fra Bangkok til Krabi. Vi skulle tilbringe romjulen med å øyhoppe i området og vi begynte på Ko Lanta, en øy som lå en time sør-øst for Phi-Phi øyene.

Siden dette var mer eller mindre impulstur hadde vi ikke gjort som alle andre i høysesongen, og forhåndsbestilt hotell. Dermed enda vi opp med en litt avsidesliggende, men koselig gjestehus som lå ligg oppover fjellsiden. Vi tenkte dette skulle bare være for et par dager, slik at vi kunne kikke oss rundt og se om vi fant noen bungalower på stranden som var ledige.

"Paradis"

Morgenen 2. juledag var som tatt ut av et postkort; skyfri himmel, skinnende sol og en lett bris. Ingenting som kunne vitne om hva som skulle skje noen timer senere. Vi hadde sett oss ut en koselig liten strand dagen før, bare 5 minutters kjøring på motorsykkel fra gjestehuset, som vi tenkte ville være fredelig nok for vår første skikkelige dag i "paradiset".

Tydeligvis var vi ikke de eneste som hadde tenkt tanken for da vi kom ned var det allerede tre andre familier der, og klokken var bare rundt 10 om morgenen. Etter å ha testet og godkjent vanntemperaturen la vi oss ned for å slappe av og nyte solen.

En liten stund senere satte jeg meg opp for å finne fram vannflasken fra sekken vår. Det var da jeg så at hele stranden var blitt totalt forandret, havet hadde trukket seg tilbake sikkert over 10-20 meter og en av familiene var gått utover for å se på dette fenomenet. De så ikke den store bølgen som kom innover, vi prøvde å rope at de måtte komme seg opp, men de ensat oss ikke. Da bølgen brøt bare 10 meter fra dem, la de på

sprang innover og alle klarte heldigvis å komme i sikkerhet.

Over knærne med voldsom styrke

Vi var ikke helt sikre på hvordan vi skulle reagere, så vi så det an og satset på at bølgen ikke kom helt opp til enden av stranda. Det gjorde den, men vi klarte å få samlet tingene våre ganske kjapt, og da den slo mot oss gikk den til rett over knærne og hadde en voldsom styrke. Flere bølger fortsatte å komme inn, noen mindre og noen større.

Den største

Da vi kom bort til hotellet så vi at flere bølger fortsatte å komme inn og bare 5 minutter etter at vi hadde kommet oss bort til bungalowen kom den største bølgen. Den gikk rett over veien og tok med seg alt den kom over; fortøyde trebåter, bungalower og trær. Vår egen bungalow var ikke mer en to meter fra bølgen da den var på sitt største, og lyden når den slo inn var overdøvende.

I Thailandsk radio rapporterte de om at det hadde vært et jordskjelv og at Phuket og Phi-Phi var truffet veldig hardt, det var meldt om skadde og omkomne. Det ble også meldt om at en ny bølge, tre ganger så stor, var på vei inn mot kysten.

Det var surrealistisk å sitte der med en liten sekk med pass, penger, billetter og et lite klesskifte og speide utover havet etter bølgen, for å så være klar til å evakuere opp i fjellene. Men bølgen kom aldri.

Ikke dekning

Hele denne tiden hadde jeg prøvd å kontakte de hjemme, men mobilen min hadde ikke dekning akkurat der. Jeg visste at om et par timer ville de stå opp og se på nyhetene hva som hadde skjedd. Klokken var så sent som fire før en engelsk dame som jobbet der fikk dekning på sin og jeg kunne fortelle dem at vi hadde det bra.

Dagen etter tenkte vi oss ut på tur for å se hvordan det sto til med

områdene rundt og om det var noe vi kunne hjelpe til med. Overalt kunne vi se hjem som var rasert og folk som gikk å lette etter gjenstander som fløt. Men opprydningsarbeidet var allerede godt i gang, de fleste hadde startet bare noen timer etter at bølgen traff dagen før.

Rykter

Da vi kom til en av strendene vi hadde besøkt en tidligere dag traff vi på en som sa at en ny bølge skulle treffe Ko Lanta, og ba oss om å komme oss i sikkerhet. Vi kom oss tilbake til hotellet, men igjen viste det seg at det var bare en falsk alarm. Rykter som dette florerer over hele øya, og det var ingen som hadde noen offisiell informasjon om hvordan tilstanden var eller hvor mange hadde omkommet.

I dagene som gikk skiftet vi hotell og prøvde å kontakte UD, Ambassaden i Bangkok og forskjellige hjelpeorganisasjoner for å spørre om vi kunne hjelpe til. Men fikk ingen andre beskjeder enn at "de skulle ta kontakt ved behov". Usikker på hva vi skulle gjøre, bestemte vi oss for å bli en stund til og se det an.

Reis ned igjen

Det ble til at vi var der i over to uker. Ko Lanta var mildt truffet i forhold til øyene rundt og Krabi. Bildene vi så på internet var like uvirkelige for oss som det må ha vært for dere der hjemme. Opprydningsarbeidet gikk utrolig fort og bare en uke senere var 90% av alle forretningene oppegående igjen.

Men nå var det et nytt problem de stod foran; turistmangelen. Så jeg vil oppfordre folk til å reise ned igjen, jo mer turister som kommer tilbake jo fortere kommer dette vakre landet til å bli gjenoppbygd.

Ennå tenker jeg mye på hva som skjedde der nede, vi var så utrolig heldige og det kunne så lett vært oss. Det har blitt mye "hva om?" og en enorm følelse av takknemlighet over livet.

Tankar om flodbølge

- dikt av 10. klassingar til minne om naturkatastrofen i Sørøst-Asia -

EG LEVER

Eg ser ein vegg.
Eg ser ei stor bølge.
Eg ser den komme.
Eg lever.
Eg ser folk lever.
Eg ser folk dør.
Eg lever.
Eg ser skadde folk.
Eg ser dei lider.
Eg ser hjelpen komme.
Vi lever.

Anita are

EIN GRUSOM TSUNAMI

Eg våkna uvitande, våt og kald
var eg blitt utsatt for nokon vald?
Rundt meg er alt knust til biter
folk er døde, noen skriker.
Den drepende bølga kom så fort
alt den kom over tok den bort.
Alle verdens hjerter brister
når vi så mange mennesker mister.
Kossen kunne noko så forferdelig skje
også i denne livfylte byen Phuket.
Eg på mitt fortvilte hovud rister
når eg tenker på alle dei som no ligg i kister.

Kristiane Mikkelsen

VONDT VERRE

300 000 er døde,
og der det var hus, er nå blitt øde.
Hyling og skriking og full panikk,
mennesker som veksler livredde blikk.
Ett brak fullt av en underlig ro,
ingen levde, ingen lo.
Et barn som roper fortvilt på mor,
og ingen som vet hvor det bor.
Hus er nå blitt til pinneved.
Rammet ble også byen Phuket.
Dødstallet øker hver eneste dag,
og midt oppi alt dette ubehag
kan mennesker finne på å stjele,
voldt, bortføre, og muligens kvele.
Aldri har det funnes en verre tid,
for slik en forbasket idioti.
Resten av verden står og gråter,
naturen dreper på fæle måter.

Rakel J. Alvstad

MEDMENNESKET

Om du hørte meg si
"Jeg vet hvordan du har det,"
Ville du tro meg?
Om du hørte meg si
"Jeg føler med deg,"
Ville du bry deg?
Om du hørte meg si
"Stol på meg,"
Ville du løpe din vei?
Om du hørte meg si
"Jeg savner deg,"
Ville du kommet tilbake?
Om du ikke kunne høre meg mer,
Ville du sørge?
Om du hørte meg hviske fra dypet,
Ville du lytte?

Hanne Marte Vatnaland

DEN FRIE TANKEN

Ein flyktige tanke gjekk hastigt forbi
Og lot seg`kje fanga av rom eller tid
Eg hadde han i stuå mi ett lite sekund
Men forsvant fortare enn når du seie
god natt til Jon Blund

Om an va viktige kan eg`kje sei
Men itt`an kom andre som forsvant i ein fei
De hadde et ærend men stoppte ikkje sjå meg
De suste av gårde på ein gjengrodde veg

Om de fram eller rota seg bort
Var veien lang eller gjorde de han kort
Dette e spørsmål der eg mangle klart svar
Men de e som snøen i går nå er veien heilt bar

Så når tankane komme på sin oppmålte sti
Stå ikkje i vegen men slepp de forbi
Skal de til deg vil de finna fram
Og forma deg forsiktig som om du e snøen-
kram

Hørr på tanken det kan vera visdomsord
Tankane komme om du er liten eller stor
Men ka du gjør med han bestemme du sjøl
Bruke du han rektigt vil kornet bli til mjøl

Kjetil Hamre



I riktig retning

ODIN-fond kjøper du hos oss i SpareBank 1

Alle ODINs egenforvaltede aksjefond har gjort det bedre enn sine referanseindekser siden fondene startet, de første allerede i 1990.

Vi mener at kombinasjonen av fortsatt mange lavt prisede aksjer og lave renter gjør at potensialet for oppgang er stort. Ingen kan med sikkerhet si hvordan utviklingen vi bli, men historien viser at sparing i aksjer på lang sikt er lønnsomt.

Ta kontakt med oss i dag på telefon 02002 eller stikk innom oss i Bokn.

Vit at vi er der.

SpareBank 1 SR-Bank



UNGDOMSBUSTAD PÅ ØYREN TIL LEIGE

Bokn kommune har 1 ungdomsbustad på Øyren til leige.

Bustaden er på 51 m2 med stove, kjøkken, 1 soverom og boder.

Husleiga er kr. 2340,- pr. mnd. Utgifter til straumforbruk og oppvarming kjem i tillegg.

Bokn kommune har vedtatt reglar for utleige av ungdomsbustader som går på leigetid, alder m. v.

Nærare opplysningar om dette kan ein få ved å venda seg til teknisk seksjon i Bokn kommune, tlf. 52 75 25 00.

Søknad kan sendast til Bokn kommune, 5561 Bokn.

Søknadsfrist: 01.03.05 2005.

Petra Tiltidsklubb

VAKTLISTA

På utsendt liste fram til sommaren har det sneke seg inn nokre datoar som ikkje skulle vera der.

Dette gjeld 9. og 18. april.

Desse datoane skal strykast. Vaktene som er oppførte blir sette opp tidleg neste semester.

Helsestasjonen er stengt i veke 8.

Sjå elles plakataner når dei kjem opp på dei vanlege oppslagsstadene i kommunen. Sjekk også kulturkalenderen.

Velkommen skal du vera!

Fleire kulturbesøk i mars

I mars har du høve til å vera meir kulturell enn vanleg, då me m.a. får besøk av ein trylle-verdsmeister og ein bamse.

2. MARS - EVENTYRSTUND - BIBLIOTEKET

Vår eigen Venevil Birkelund ynskjer velkommen til nok ei eventyrstund i biblioteket.

Klokkeslettet er som før kl.

17.00 - 17.30

Gratis entré




4. MARS - DAVIDO-TRYLLE-SHOW - AUDITORIET

Ei forrykande førestilling med tryllekunstnar og buktaling. Det går rykter om at det m.a. blir trylla fram duer frå lause lufta denne ettermiddagen (kl. 17.00), og at nokre publikummarar også får trylla utan å skjøna korleis....

Buktalardokka Harry er også med og tryllar fram latteren med sine vanvittige påfunn.

Du må berre få med deg denne familestunda med verdsmeisteren i scenemagi og fingerferdighets-trylling. Davido er i Guinness Rekordbok som **Verdas raskaste tryllekunstnar med 64 triks på fire minuttar!**

Entré kr. 50,- ved inngangen



8. MARS - BYGDEKINOEN

Denne gong har kinomaskinisten med seg filmene "Froskenes fabelaktige spådom" (7 år) og "Forbannelsen" (The Grudge) (15 år).

Litt om filmene:




Froskenes fabelaktige spådom

En katastrofe! Regnet har øst ned i dagevis og jorda er i ferd

med å bli oversvømt! Jammen bra at Tom og Lili får varslet Ferdinand slik at han får samlet alle dyra inn i låven og gjort den om til en båt. Stuet sammen, store og små, dyr og mennesker må de nå klare seg til det blir tørt land igjen - på 28 tonn poteter...

Forbannelsen

I thrilleren The Grudge gir en normalt utseende husfasade et helt feilaktig inntrykk av idyll og skjuler uenevnelige redsler som venter på den andre siden av veggen. Huset er hjemsoekt av en voldsom forbannelse som ødelegger livene til alle som trer innenfor. Forbannelsen kalles The Grudge, hevnlysten, og fører til at ofrene dør under voldsomme og smertefulle raseriutbrudd. De som rammes dør og en ny forbannelse blir samtidig født - det er som et virus som angriper alle som kommer innenfor, i en endeløs, voksende skrekkens kjede.



16. MARS - BARNE-TEATER: Bamse - ein BraKar (auditoriet)

ASKELODDEN FRITEATER presenterer den syngande, spelande, gjøglande og snublande bamsen som nystrigla og fin i pelsen er på vandring gjennom skog og mark på jakt etter nye opplevingar og utfordringar.

Med vaggande passgang og passe mett og lat og med mange spørsmål i hovudet sitt må han nok spørja ungane i salen om råd og hjelp når problema hopar seg opp.

For barn frå 3 år - entré kr. 40,-



OPPTAK FOR BARNEHAGEÅRET 2005/2006

Hei!

Ta ein kikk på bileta frå oss i barnehagen. Her ser du noko av det me har fått vore med på. Alle er me enige i at me får mange spanande opplevingar og gode vener i barnehagen. Det held ikkje berre å tenkje det, du må oppleva det.

Frå august byrjar enkelte av barna på skulen og me håpar då på å få oss nokon nye vener. Hugs at du må senda søknaden før 1. mars 2005

Me går i barnehagen to, tre (deler ein fem-dagars plass) eller fem dagar i veka. Det er ei opptaksnemd som tar opptaket og dei tar omsyn til opptaksreglane som gjeld for oss.

Helsing oss på Bokn Bruse og Småtrollå

Ps: Søknadsskjema får ein ved å ta kontakt med Bokn barnehage eller kommunen sitt servicetorg.



Gje Bokns fortid ei framtid!

Birger Lindanger

Kulturhistoriegruppa, Sigvart Våga, Solveig Ellingsen, Olaug Hognaland, Reidar Alvestad, Eivind Øvrebø, Svein Ivar Langhelle og Birger Lindanger har nå starta arbeidet med å skaffa fram kjeldemateriale for ei generell bygdebok for Bokn og inviterer folk flest til å delta i førebuinga.

Mykje kan gjerast! Har du t.d. brev, dagbøker, protokollar, rekneskapsbøker eller møtebøker etter foreldre eller besteforeldre liggjande? Gamle

avisutklippsbøker, filmar og bilete som framleis ikkje er registrerte, er også av interesse.

Har du vore med i foreiningar eller kan fortelja om kvar ungdom møttes og koss dei hadde det, er me interesserte. Veit du noko om gamle forretningar, om banken, "Norena", om samkomene i "Grytlå" og andre stader, om festar, frå fiske og jordbruk, dugnad og kvar-dag på Bokn for kring 30 år sidan eller meir – då er me interesserte.

Kan du hugsa forskjellig som dei gamle fortalte frå deira ungdom, kan du historier, "slåser" eller gode replikkar – fortel dei vidare til oss. Har du synspunkt om eit slikt verk, skriv til Bygdbladet eller direkte til oss!

Du kan anten kontakta ein av medlemmane i gruppa eller venda deg til kulturkontoret. Slik kan du vera med og gje fortida vår ei framtid!

Dåpsskule for 6-åringar og Bibelkurs for 5. klassingar

Den første helga i februar fekk barn frå 1994-kullet utdelt bibel i kyrkja. I samband med dette var ein del av dei samla til bibelkurs på bedehuset. Her snakka me om kva for ei bok Bibelen er, såg lysbilder, hadde måltider i lag og øvde til gudstenesta på sundagen. Me lot oss imponera av den innsatsen 5.klassingane gjorde i kyrkja, både lesinga og dramastykket var heilt suverent utført.

I februar starta dåpskulen opp att for femte år på rad. Det er også i år god oppslutnad kring dette tilbodet om grunnleggjande opplæring i den kristne læra. På dåpsskulen les me frå barnebibelen, gjer enkle formingsoppgåver

og koser oss med litt mat. Palme-sundag deltek elevane på gudstenesta. Det er spesielt fokus på hendingane i påska på dåpsskulen.

Til hausten står 4-åringane for tur. I år vert dei for første gong innbedne til adventsklubb i samband med utdeling av barnebibelen. I adventsklubben lærer barna om kva som ligg til grunn for julefeiringa.

Mange lurer nok på kvifor desse tilboda vert stelte til. For to år sidan vedtok Stortinget ei trusopplæringsreform der kyrkja og foreldra vert bedne om å ta større ansvar for at barna får grunnleggjande kunnskap om den kristne trua. Det er ikkje lenger skulen sitt

ansvar å driva forkynnande trusopplæring. Dette har Bokn Sokneråd teke konsekvensane av. Merete Alvestad vart frå nyttår av tilsett som lærar i kyrkjelyden for å stå ansvarleg for opplæringsarbeidet. Merete er utdanna allmennlærar. Ho deltek også i konfirmantundervisninga.

Soknerådet er glade for den positive responsen me har opplevd. Det er svært god oppmøteprosent blant barna, og foreldra er flinke til å følgja opp ungane. Me vonar det vil forsetje slik!

Bokn sokneråd

Gratiale og gavekort til kommunale arbeidstakarar

Jardar Havikbotn


Både arbeidstakarar med lang og tru teneste og stortrimmarar blei heidra under julelunsjen på Boknatun 22. desember i fjor.

Rådmann Jan Erik Nygaard kunne på slutten av 2004 gi blomar og gratiale til tre arbeidstakarar. Anna Hognaland fekk for 25 år, Ingvild Sæbø 15 år og Anne Lise T. Nilsen 15 år.

Den populære julelunsjen, med delikat koldtbord, julepakkar og drøsetid rammar inn denne hendinga på ein flott måte.

Personaltrim

Han er også ei fin ramme til ei ny og sporty kåring; **årets personaltrimmarar**. Alle tilsette fekk 1. februar i fjor ei motivasjonsliste der dei kunne føra opp timeantalet på det dei trimma. Det var 9 stk. som leverte inn lista i midten av desember, og som då hadde trimma over 60 timar - kravet for å vera med i trekninga om "årets personaltrimmarar".



Ragna Alvestad (bildet) blei trekt ut og fekk gavekort frå G-sport. Og jammen var det ikkje ektemannen Reidar (ikkje til stades) som fekk det andre kortet.

Personalsjef Solrunn Alvestad seier til Bygdabladet at 151 timar var det høgaste talet som



Fv. Ingvild Sæbø og Anna Hognaland fekk blomar og gratiale. Anne Lise T. Nilsen var ikkje til stades då bildet blei tatt.

var ført opp på ei liste. Det tilsvarar i gjennomsnitt trim annakvar dag i perioden, eit kjempebra resultat!

Så får me sjå om me får fleire kommunale stortrimmarar dette året.

Annonse

Me gratulerer

Årsmelding, speidaren - framhald

Årsmøte i Bokn sanitetsforening

Allrommet, Boknatun 28. februar kl. 19.30

Vanlege årsmøtesaker - kandidater er spurde.

Kom og bli med og kle deg opp til våren!

Elisabeth Øvrebø kjem med kleskolleksjonen sin frå Greenhouse.

Det blir også demonstrasjon av **urter og helseprodukt**.

Alle hjarteleg velkomne!


Hilsen styret

Me gratulerer!

Vår kjære Odd Alvestad fylte 70 år den 17. februar.

Vi gratulerer så mye med dagen, kjempeglad i deg.

Klem fra Barn, svigerbarn, barnebarn og olderbarn.



Bygdabladet presenterer små og store jubilarar.

Send inn papirbilde eller digitalt bilde på e-post saman med ein liten tekst til kulturkontoret.

Framhald frå s. 10

Juleavslutninga / grautfesten samla ca. 110. Utlodnig gav 3960 kroner til forbundet sin kalenderaksjon og GÅ-m e d - a k s j o n e n (hjelpesprosjekt i uland). SR-Bank dekkta utgiftene til festen.

Ymse: Etter ønske frå soknerådet har speidargruppa vår gjort førebuingar til oppstart av ekornspeiding frå januar 2005. Merete Alvestad skal leia denne nye verksemda. Me har under planlegginga hatt besøk av forbundet sin ekspansjonssekretær for Vestlandet, Arne Hernes. Han vil og koma ved oppstarten den 16. januar.

Ei nemnd er i gong med vedlikehald utvendig på

speidarhuset. Det skal skiftast vindaugo og kledning på den vestre veggen. Me har og bestemt ei "ansiktsløfting" inne. Huset er slete etter 15 års intens bruk.

Takk: Me takkar alle born som kjem trufast i speideren, og alle heimane for deira oppbaking. Me takkar alle, leiarar og hjelparar for deira innsats. Me takkar bygdefolket for støtte, økonomisk og ved forbøn. Me takkar kommunen for støtte. Tusen takk til bankrådet ved SR-Bank Bokn for ein sjekk på 10.000 til vedlikehald av speidarhuset. Stor takk og til prest og kyrkjelyd for god omsorg. Guds rike signing til alle.

**Bokn, den 4. januar 2005,
Leiv Våga**

TILBUD STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 150,- pr. m3 fritt utkjørt innmark

Kr. 160,- pr. m3 fritt utkjørt utmark

Kontakt Morten Ullenes
4150 Rennesøy

51 72 31 33

900 16 817

TIL SALGS

Campingvogn, Knaus 500 -
1987-modell, med fortelt kr.
35.000,-

Oddvar Hognaland, tlf.
5274 8519 - 9092 1669

JOBBSØKES

Vasking/barnepass -
ellers alt av interesse.

Kan begynne umiddelbart.
Tlf. 9957 4257

Mange takk for oppmerksomheten på min 75 års dag.

Erna Bryningsland



BYGDESERVICE

Har du eit arbeid du treng hjelp til så spør oss.

Ring telefon 5274 8165
eller 5274 8424

Bokn Bygdeservice BA

Få deg ein godbit på årsmøtet til Bokn Historielag, **"Ikkje bare sild og kaga!"**

Museumsdirektør Mads Ramstad kjem på årsmøtet til Bokn Historielag, **onsdag 9. mars kl. 19.00** på allrommet i Boknatun og snakkar om **Mattradisjonar på Haugalandet**.

Elles blir det vanlege årsmøtesaker som val, årsmelding, rekneskap, drøs, osv. - og sjølv sagt noko attåt! Det blir også orientert om arbeidet i nokre av undergruppene.

VELKOMMEN TIL EIN GOD OG HYGGELIG HANDEL I ALVESTADKROKEN

NORSK TIPPING
DAGLIGVARER
BENSIN OG DIESEL
BANKTERMINAL

ALVESTAD HANDEL AS
ALVESTADKROKEN

5561 BOKN

TLF: 52 74 83 14




Mandag til torsdag
09.00 - 17.00
Tlf. 52 74 83 16


COOP BOKN

Fredag 09.00 - 18.00
Lørdag 09.00 - 14.00

- Dagligvarer
- Medisinutsalg
- Postfilial
- Bensin—Diesel
- Driftsmidler
- Bank i butikk



coop
marked



Div. tenester på Boknatun

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.
Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag kl. 09.00 - 15.00
ved fysioterapirommet.

Enkelte andre dagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling tlf. 52 74 84 79

Direkte nr. på tysdagar: 52 75 25 33

Rita Jensen - fotterapeut

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 - 14.30

Telefontid kl. 8.00 - 15.30

Tlf. 52 75 21 50 - Fax. 52 75 21 51

Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: linjenr. 150

Ingunn Sunde: linjenr. 152

Ingunn Sunde - trygdesjef

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i Boknatun
kl. 9.00 - 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset - jordbrukssjef

DAGSENTERET

Kvar torsdag frå kl. 10.00 - 14.00.

Er du over 70 år og har lyst til å komma og vera i
lag med oss?

Nye 70 åringar er spesielt velkomne.


Påmelding, ring 52 74 83 09

**Julianne Nilssen
aktivitør**

Stort forsidebilde

"Familiebilde" - sjå s. 11

Foto: Merete Alvestad



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for
innlevering av stoff er etter avtale med
redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året,
ikkje januar og juli.

Eit abonnement kostar kr. 300,- pr. år, gratis
for bortebuande skuleelevar og studentar.

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør

Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08

E-post: jardar@bygdabladet.no

Reidar Alvestad, journalist

Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04

E-post: reidar@bygdabladet.no

Linda Ognøy, medarbeidar

Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82

E-post: linda@bygdabladet.no

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 620,-

Halvside kr. 380,-

Kvartside kr. 190,-

1/8 side kr. 125,-

Privatann. kr. 40,-

Fastann. etter avtale

www.bygdabladet.no

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 - 15.00.

Vi kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11.

E-post: postmottak@bokn.kommune.no

**Gro A. Sørensen
Seksjonssjef servicetorg**

27 hytter i Lauplandsvågen

Reidar Alvstad

Bokn kommunestyre godkjende i møte den 14. des. 2004 ein reguleringsplan for 27 hytter i Lauplandsvågen.

Området ligg på sørsida av Lauplandsvågen eit lite stykke vest frå brua på E 39 som går over innløpet til vågen.

grunneigar kan driva vanleg landbruksdrift unntatt gjødsling og opparbeiding av areal til fulldyrka mark.

Lengst aust i området er det ved sjøen regulert inn areal til småbåthamn og felles naust. Det vil også kunna leggjast ut flytebrygger for same antal båtplasser som det er hytter.

Det er regulert inn turstiar på området som også skal kunna



Hyttefeltet i Lauplandsvågen sett frå nord.

Konsentrering av hytter

I Bokn sin kommuneplan er dette området godkjent til hyttebygging. Dei fleste hyttene innafor plan-området ligg innafor 100-meter-sona.

Tilførsleveg er frå den kommunale Arsvegen, medan parkeringsplasser for hyttene er samla i utkanten av planområdet. Det finst både kommunalt vatn og straumtilførsle i området, som ligg på Håvard Hetland sin eigedom. Han har gjort avtale med Brødrene Gulbrandsen Eiendom AS som skal stå for utbygging og salg av hyttene.



Detalj frå hyttemiljøet.

Småbåthamn og naust

I planområdet er det avsett areale til friluftsområde kor

nyttast av befolkninga elles.

Det er siv. Ing. Trond Heskestad som på oppdrag frå Brødrene Gulbrandsen Eiendom AS i Stavanger som har utarbeidd reguleringsplan for hytteområdet.

Anleggsstart

Det er Gulbrandsen Eiendom AS som skal byggja ut feltet og stå for salg av hyttene. Terje Gulbrandsen seier til Bygda-bladet at dei håpar at tilførselsvegen frå den kommunale Ars-vegen til feltet kan påbegynnast tidleg i vår, saman med resten av vegsystemet i feltet.

Det vil først bli bygd 4-5 hytter som han håpar vil vera ferdige alt før ferien i år. Resten vil så bli tatt etter kvart. Det vil bli laga eit prospekt og salgsopplegg for feltet.

Også reguleringsplan for hytter i Kro og Bakkjen mellom Hognaland og Sunnlandsstraumen

Bokn kommunestyre vil også få til behandling ei sak om godkjenning av reguleringsplan for 5 hytter inkludert ei eksisterande i Kro.

Vidare har forvaltningsstyret godkjent ein busetnadsplan for 8 nye hytter i Bakkjen mellom Hognaland og Sunnlandsstraumen.

Blir alle hyttene i desse tre prosjekta bygde, får Bokn på kort tid ein tilvekst på 40 nye hytter.